

RAMMEPLAN FOR

FORDJUPINGSEINING I NORSK
(10 vektal)

FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA

Godkjend av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
3. mars 1997

RAMMEPLAN FOR FORDJUPINGSEINING I NORSK I FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA (10 VT)

Rammeplan for fordjupingseining i norsk, 10 vekttal, er ei vidareføring av 5 vekttal fagleg-pedagogisk studium i norsk etter Rammeplan for førskolelærerutdanning, 1995.

Fordjupingseininga er primært retta mot studentar i 3-årig førskolelærerutdanning og kvalifiserer for pedagogisk arbeid med barn i dei aldersgrupper som rammeplan for førskolelærerutdanning legg opp til. Studieeininga kan og nyttast som vidareutdanning for førskolelærarar.

1. INNLEIING

I *Rammeplan for barnehagen, 1995*, er omgrepet kultur definert som våre “*felles atferdsmønstre, kunnskaper, verdier, holdningar, erfaringer og sammenhengende tankemønstre og uttryksmåter.*” (s. 57.)

Barn rører seg i eit kulturelt rom som i høg grad også er eit tekstleg landskap. Gjennom norskfaget skal studentane vidareutvikle kunnskapen om tekstane i den kulturen som barn i Noreg veks opp i. Norskfaget set hovudfokus på skriftlege og munnlege tekstar, men ein vil og ta i bruk eit utvida tekstomgrep. Studentane skal frå ulike teoretiske posisjonar utvide og utdjupe evna til å analysere og tolke dei tekstane barn møter.

Rammeplanen for fordjupingseining i norsk er konsentrert kring omgrepet barnekultur i vid meining. Planen vidarefører innhaldet i dei to hovudemna frå grunnutdanninga: tekststudium og teoristudium. Barnekulturomgrepet femner både om den vaksne si kulturformidling til barn og den kulturoverlevering og kulturproduksjonen barn står for.

Med *vaksne si kulturformidling til barn* forstår vi både den medvitne kulturformidlinga til oppdragaren, særleg av barnelitteratur, og den generelle samfunnskulturen som også påverkar barn. Dette spanner frå massemedia til data, reklame og andre kulturaktivitetar i samfunnet der barn er deltakarar, mottakarar eller konsumentar. Hovudvekta i denne delen av fordjupingseininga ligg på barnelitteratur. Dette emnet omfattar først og fremst barnebøker, biletbøker og tradisjonsstoff, men også songar, teater, film og bilete.

Med *barnekultur* forstår vi den kulturen og dei kulturytringane barn skaper og overleverer seg imellom, både spontan og tradisjonsprega kulturproduksjon. Døme på dette er vitsar, rim, forteljingar, brev, lappar og dagbøker. I leikekulturen framstår den dramatiske rolleleiken mellom anna som ein fiksjonstekst som også skal studerast med språklege og litterære grep.

Barn lever ikkje eit isolert liv i samfunnet, og eit viktig studieobjekt er difor samanhengen mellom barnekulturen, samfunnskulturen og kulturformidlinga. Språket, språkutviklinga, skriftkulturen og lese- og skriveutviklinga til barn skal også studerast i dette perspektivet. Perspektivet er også grunnleggjande for problemstillingar knytte til fleirspråklegdom og fleirkulturalitet.

Gjennom drøftingar av kultur- og barndomsomgrepet skal studentane utvikle medvit om kva for verdiar vi knyter til barndomsforståinga i vår kultur. Barneproduserte tekstar, tekstar om barn eller tekstar som inneber ei barndomsforståing, er relevante studieobjekt.

2. MÅL

Gjennom studium av tekstar i vid meining skal studentane vidareutvikle evna til medvite kultur- og språkarbeid med og for barn, først og fremst i barnehage, men og i første klasse/førskolen, skolefritidsordningar og i samfunnet elles.

Gjennom studiet skal studentane:

- ved studium av tekstar i vid meining, vidareutvikle evna til medvite kultur- og språkarbeid med og for barn
- utvide kunnskapane sine om språk og språktileigning slik at dei blir betre i stand til å skape eit stimulerande språkmiljø for alle barna i barnehagen og første klasse/førskolen
- bli betre i stand til å sjå si rolle som kulturformidlarar
- gjennom arbeid med eit vidt spekter av barnelitteratur og andre tekstar bli betre skikka til å velje høvelege tekstar i kulturformidlinga si.
- utvide kunnskapane sine om og respekten for dei eigne kulturelle ytringsformene til barn, slik at desse ytringsformene kan sikrast rom og vokster
- tileigne seg vidare kunnskap om den mangfaldige kultur- og språkpåverknaden som barn møter i og utanfor barnehage og skole, og kunne sjå samanhengen mellom denne påverknaden og den personlege utviklinga og sosialiseringa til barn.
- engasjere seg i kulturpolitiske spørsmål som får konsekvensar for barn, slik at barn sine interesser i samfunnet blir tekne vare på

3. INNHALD

I studiet inngår 4 hovudemne

tekstar
litteratur- og mediekunnskap
barnekultur
språk- og kulturtilegninga til barn

Planen omfattar tekstar, teori og tilnæringsmåtar. *Hovudemne 1* syner dei primærtetekstane studentane skal arbeide med. Dette hovudemnet byggjer på hovudemnet *tekststudium* i grunnutdanninga. Arbeid med tekstar er sentralt i studiet, og dette hovudemnet skal vektast med 40% av arbeidsmengda. *Hovudemna 2 til 4* er ei vidareføring av teoristudiet i den obligatoriske delen av førskolelærarutdanninga. Desse hovudemna skal vektast med om lag

20% kvar. Hovudemna er bindande. Delemna er rettleiande. Innhaldet i studiet skal knyttast til arbeid med norskfaglege emne i barnehagen.

3.1 Tekstar

Studium av primærtekstar - inklusive analyse og vurdering - utgjer ein viktig del av fordjupingseininga i norsk. Pensumet må her vera så stort at studentane får grundig kjennskap til dei ulike sjangrane.

Delemne:

- munnleg traderte sjangrar, tradisjonsstoff
- barneproduserte tekstar, både munnlege og skriftlege
- ulike typar skriftlege tekstar for barn i begge målformer
- biletbøker, teikneseriar, film, skjermtekstar og auditive tekstar
- kommersielle tekstar som når barn, datatekstar og spel
- skjønnlitterære tekstar (vaksenlitteratur) som handlar om barn

3.2 Litteratur- og mediekunnskap

Delemne:

- tekstteori, forteljingsteori, sjangerkunnskap, tekstanalyse, tolking og vurdering
- litteraturteori og oversyn over barnelitteraturhistorie fram til i dag
- teori om biletbøker, film og andre bildesjangrar
- teori om massemedier: skjerm-medium, data, radio og andre auditive medium.
- funksjonen til massemedia og den pedagogiske effekten

3.3 Barnekultur

Delemne:

- teorian om barnekultur: funksjon, vilkår og tolking
- språk og lek
- ulike sjangrar i munnleg og skriftleg tradisjon og nyskaping, t.d forteljingar,
- visar, gåter, rim, songar, lappar, dramatisk rolleleik, førestillingar og andre kulturuttrykk
- innsamling, registrering og analyse av kulturuttrykka til barn
- samanhengen mellom barnekultur og samfunnskulturen elles

3.4 Språk- og kulturtileigninga til barn

Delemne:

- kunnskap om språk- og kulturtileigninga til barn, inkludert fleirkulturalitet og fleirspråklegdom
- språkstimulering, munnleg og skriftleg, og i eit tospråkleg perspektiv
- kunnskapar i fonologi, morfologi og syntaks og om tekst
- førebuande og grunnleggjande lese- og skriveopplæring
- formidlingsteori og vurdering av ulike formidlingsmåtar

- arbeid med formidling av ulike teksttypar, først og fremst barnelitteratur
- erfaring med bruk av forteljing, eigne skriveprosessar og tekstproduksjon saman med barn
- kunnskap om samisk kulturtradisjon

4. ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Arbeidsformene i studiet vil variere ut frå eigenarten til dei emna ein tar opp. Gjennom studiet skal studentane ha både skriftlege og munnlege oppgåver, individuelt og/eller i gruppe. Arbeid med eigen skriveprosess blir ført vidare frå grunnutdanninga i faget. I dei skriftlege arbeida skal studentane syne at dei meistarar både nynorsk og bokmål på ein tilfredsstillande måte. Den munnlege sida av norskfaget kjem t.d. fram gjennom formidling av tekstar eller gjennom skapande tekstarbeid med barn. Delar av studiet skal organiserast som prosjektarbeid, anten som prosjekt innanfor faget eller som tverrfaglege prosjekt.

Som ein del av arbeidet med faget skal studentane ha ei fordjupingsoppgåve. Emne for fordjupinga skal veljast innanfor eitt eller fleire av delemna i planen. Det kan knytast opp mot prosjektarbeid, eller ein kan velje andre arbeidsmåtar. Det kan og knytast opp mot praksis. Arbeidet skal dokumenterast skriftleg. Den einskilde høgskolen må fastsetje omfanget av dette arbeidet. Normalt bør det liggje innanfor ei ramme på 2 - 4 vekers arbeid. Arbeidet med fordjupingsoppgåva kan gjerast individuelt eller i gruppe.

Pedagogisk praksis i vid tyding skal gå inn i fordjupingseininga. Til vanleg vil praksis vere direkte arbeid med barn, men kan og vere knytt til praktisk prosjektarbeid. Arbeidet med tekstar i norskstudiet gjer at formidlingsaspektet bør stå sentralt i studiet. Til saman bør studentgruppa i praksisperioden formidle eit vidt spekter av teksttypar, og formidlinga bør skje i ulike samanhengar og på ulike måtar.

Studentane har krav på rettleiing og vurdering undervegs i studiet. Dette gir eit grunnlag for den einskilde til å forstå den avsluttande vurderinga. Vurderinga av studenten sin innsats både individuelt og i gruppe, skal gå føre seg gjennom heile studiet.

Arbeidskrav:

I lokal fagplan fastset høgskolen dei konkrete krav om arbeid som skal vere gjennomført for å få avsluttande vurdering. Dette kan vere studiedeltaking, praksis, tverrfagleg arbeid og prosjektoppgåver, skriftlege og munnlege oppgåver, praksis og annan dokumentasjon som fordjupingseininga femner om. Ei skriftleg fordjupingsoppgåve er obligatorisk.

5. VURDERING

Eksamen skal prøve dei kunnskapane og den dugleiken studentane har tileigna seg. Eksamen må spegle av vurderings- og studieformene slik dei kjem til uttrykk i denne rammeplanen. Eksamen kan gjennomførast undervegs i studiet og ved slutten av studiet, eller berre ved slutten.

Vurderinga av dei skriftlege oppgåvene må ta omsyn til at studentane skal dokumentere tilfredsstillande kompetanse i begge dei offisielle norske språkformene. For samiske studentar kan ei av språkformene skiftast ut med samisk.

Eksamen skal femne om ei individuell, skriftleg prøve utført under eksamensvilkår. Avsluttande vurdering kjem til uttrykk med ein karakter. I fagplanen skal det gjerast greie for kva for arbeid vurderingsgrunnlaget skal femne om, og korleis den endelege karakteren skal fastsetjast.

Vurderinga skal vere i samsvar med lov og forskrift.